

SUNNHORDLAND

Det bølgjande bakkelandskapet i Etne-bygda er bronsealderens landskap. Her ligg dei grøderike gardane som var grunnlag for velstand og hovdingmakt i eit framveksande storbondearistokrati i vikingtid og tidleg mellomalder. Det var storbondene som var støttespelarane til kongemakta, både her og andre stader i landet. I seinare hundreår er det få andre bygder

der kontrasten mellom storbondene og husmennene er klarare enn i Etne.

Men Sunnhordland har mange gode bygder, og organiseringa av leidangen og skipreidene i mellomalderen fortel mykje om makt og velstand og økonomiske tyngdepunkt. Når du kryssar over fjorden frå Bjoa til Skjersholmane, er du midt i hjarta av Sunnhordland; det frodige, opne

fjordlandskapet. Framfor deg ligg Borgundøya med sin høge bergrygg som løyner Fjelbergøya rett nordanfor. Midtfjords opnar Klosterfjorden seg inn mot den låge vika og dei slake grøne böane på Halsnøya, der det mektige og velhavande augustinerklosteret låg. Ser du mot nord, inn Hardangerfjorden, då møter auga ditt konturane av Varaldsøy

langt inne i blådisen, framfor barmen mot Hardangerfjorden: Strandebarm. Då ser du samanhengen: Hordaland er busett frå sjøen. Det er fjorden som er i sentrum for samferdsla, og skipreidene var organiserte etter dette sjøsambandet, i ein krans kring fjordane. Då byrjar det historiske landskapet å ta form: Fjelberg skipreide på Fjelbergøya og Halsnøya,

Oppdal skipreide på Tysnes og Føyndskipreide på Stord og Bømlo. Vi forstår kvifor flesteparten av dei adelege setegardane frå mellomalderen låg i Sunnhordland. Vi øygmar dei store linjene i ei tusenårig utvikling og vi ser vår tids dilemma: Vi forbrukar dette landskapet som hundre ætteleider før oss har forvalta. □




Husmann og storbonde

Eit par kilometers veg opp langs Stordalsvatnet i Etne ligg garden Norheim. Vatnet smalnar av til eit trøngt sund akkurat ber, "garden ved det trønge sundet", og garden eig böane på båe sidene. Heilt fram til slutten av 1800-talet var Norheim udelte; ein stor og velbygd gard – det største bruket i den rike jordbygsbygda Etne, nest etter prestegarden.

Vest for det gamle tunet går riksvegen idag i ei skjering i berget. Ovanfor er det hengebratt og ulendt; ingen stad å byggja bus. Men for bundre år sidan låg det ein liten menneskebusstad på ei smal bølle i fjellet her; husmannsplassen Klakkadne. I nokre generasjonar prøvde folk å pina levemåten av ørsmå åkerlappar og skrinne slätter på denne utposten.

Den første av dei heitte Jon Olsson. Han og kona Toron Torsdotter fekk i 1848 festerett eller kontrakt på dette nye plassen. Brukaren på Norheim, Gunnar Olsson, gav dei lov til å bu og driva her heile si levetid. Men villkåra slik dei vidare er utspeisla i avtalen, fortel litt om kva det vil seia å vera husmann. Forutan sjølvé plassen fekk dei ei utslåtte høgare oppe i lia. Dei fekk hogga seg ved av older (or) og brake på desse to stadene. I utmarka kunne dei la den vinterfødde buskapen sin beita om sommaren, og dessutan ta inntil to leigde kyr ekstra. Til vederlag for dette måtte Jon arbeida for husbonden heile vårvinna, så 10 teigar (eit flatemål) når husbonden måtte krevja



Stole kyrkje, truleg bygd kring 1160 som privatkapell for den mektige Stødle-ætta.